



Kommunedelplan

for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Perioden 2020 - 2030



Forord

Diktet av Olav H.Hauge handlar ikkje først og fremst om idrett, men om noko som kan kallast «godt nok». Vi kan ikkje alle vere meistrar, men noko kan vi strebe etter å meistre : Å fylle dei skorne vi har fått utdelt på ein slik måte at vi set fine spor etter oss.

Skeiserenn

Du startar i lag med
storskridaren.
Du veit du ikkje kan fylgja han,
men du legg i veg
og brukar all di kraft
og held lag ei stund.

Men han glid ifrå deg,
glid ifrå deg, glid ifrå deg –
snart er han heile runden fyre.

Det kjennest litt skamfullt med
det same.
til det kjem ein merkeleg ro yver
deg,
kan ikkje storskridaren fara!

Og du fell inn i di eigi takt
og kappskrid med deg sjølv.
meir kan ingen gjera.

I Ulvik herad er vi heldige som har gode føresetnader for å vere fysisk aktiv på alle nivå. Det er fleire aktørar som arbeider aktivt for å legge til rette for eit mangfold av aktivitetar og tilbod, og vi anlegg som både sommar og vinter inviterer til aktivitet.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv skal bidra til handtering av kommunale utfordringar som folkehelse, auka sosiale skilnader, heilskap og samhandling.

Denne planen avløyser ein utdatert kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Rådmannen sin stab har hatt ansvar for å leie planarbeidet. Kulturkonsulenten er fagleg ansvarleg for planen, og har utarbeidd planen i lag med ei arbeidsgruppe som har bestått av representant frå Ulvik idrettsråd, leiar for Ulvik Turlag, Kommunal fysioterapeut, Born og unge sin representant i Ulvik, representant frå Brakanes skule, representant frå teknisk og ordføraren i Ulvik

Innholdsliste

1	Innleiing - bakgrunn for planarbeidet	1
2	Sentrale omgrep	1
3	Rammar og føresetnader for planarbeidet	2
3.1	Lov- og regelverk for fysisk aktivitet.....	2
3.2	Stortingsmeldingar og fysisk aktivitet	3
3.3	Styresmaktene sine tilrådingar for fysisk aktivitet	4
3.4	Effektar av å vere fysisk aktiv	4
3.5	Regionale føringer	4
3.6	Kommunale føringer	4
3.7	Folketalsutvikling i Ulvik herad	5
3.8	Kommuneøkonomi	5
3.9	Generelle aktivitetstrendar og utviklingstrekk i samfunnet.....	5
3.10	Folkehelseprofilen for Ulvik herad	6
3.11	Aktivitetstrendar i Ulvik.....	6
4	Visjon, mål og delmål	8
4.1	Visjon:.....	8
4.2	Hovudmål:	8
4.3	Delmål:.....	8
5	Resultatvurdering av førre plan	9
5.1	Anlegg	10
6	Delmål – handlingsprogram for anlegg	11
7	Handlingsprogram for anlegg.....	11
7.1	Krav til spelemiddelsøknader	11
7.2	Handlingsprogram for anlegg - 2020-2024	11
	Status i Ulvik herad - Anlegg registrert i anleggsregisteret	13
8	Langsiktig handlingsdel	15
9	Drift og vedlikehald av kommunale anlegg	15
9.1	Oversikt over kommunale anlegg	15
10	Vedlegg	15
	Vedlegg 1. Handlingsprogram for tiltak.....	16
	➤ Handlingsplan for anlegg om område for idretts og friluftsliv 2020-2024	
	➤ Upr prioritert liste over langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområde 2020 -2030	
	➤ Avtale mellom Ulvik Idrettsråd og Ulvik herad	

1 Innleiing - bakgrunn for planarbeidet

Fysisk aktivitet er ei kjelde til glede, overskot og meistring. Det kjennest godt å bruke kroppen. Fysisk aktivitet er leik, naturopplevingar, konkurranse og spenning. Det er godt dokumentert at fysisk aktivitet førebygger sjukdom og gjev betre helse gjennom heile livet. Eit samfunn som legg godt til rette for at ein kan vere fysisk aktiv, gjev gode levevilkår.

Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv er ein overordna styringsreiskap for alle involverte aktørar for å fremje fysisk aktivitet i kommunen. Kommunedelplanen skal sette mål for ei ønska utvikling i kommunen på feltet, og peike på tiltak for å nå desse måla. Samstundes er det òg krav frå Kulturdepartementet om at tiltak må vere prioritert i ein kommunedelplan, for å kunne søke tilskot frå spelemiddelordninga.

I Ulvik herad vart fyrste kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet utarbeidd i år 2000. Revisjonen vi no gjennomfører inneber ein fullstendig gjennomgang av planen med sakshandsaming etter føresegne i plan- og bygningsloven (tbl.). Planen har ein tekstdel, eit handlingsprogram for prioriterte anlegg, ei langsiktig handlingsdel over anlegg og eit handlingsprogram for tiltak.

Kommunen har utarbeidd eit planprogram, som har vore til offentleg ettersyn, og som vart fastsett av kommunestyret i sept.2018 (HST-sak 050/18). Planprogrammet viser kva tema ein skal sjå nærare på i planen, og korleis ein skal gjennomføre planarbeidet. Sjølv kommunedelplanen er utarbeidd frå det fastsette planprogrammet.

Planarbeidet har vore kunngjort i lokalavisa og på heimesida til kommunen. I prosessen fram til ferdig plan har det vore arrangert 5 møte i den tverrfaglege arbeidsgruppa. Det er sendt ut skriv til lag, organisasjonar og etatar om arbeidet og frist for innspel. Planen har lagt til høyring i seks veker.

2 Sentrale omgrep

Fysisk aktivitet:

Fysisk aktivitet er å rekne som all form for rørsle utført av skjelettmuskulatur, som medfører energibruk utover kvilenivå. Fysisk aktivitet er eit overordna omgrep i denne planen, og i det ligg òg organisert og eigenorganisert friluftsliv og idrett.

Idrett:

Aktivitet i form av mosjon, trening og konkurranse i den organiserte idretten som òg legg til rette for eigenorganisert aktivitet.

Friluftsliv:

Ophald og fysisk aktivitet i friluft, i fritida, med sikte på miljøforandring og naturopplevingar. Friluftsliv kan vere både eigenorganisert og organisert aktivitet.

Folkehelse:

Folkehelselova som tok til å gjelde 1.januar 2012, skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og jamnar ut sosiale skilnader. Folkehelsearbeidet dreier seg om å skape gode levekår, førebyggje sjukdom, forhindre skadar, og utvikle eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar. Satsing på og tiltak for fysisk aktivitet er ein del av dette.

Anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Tilskot frå spelemiddelordninga skal medverke til at ein større del av befolkninga får høve til å drive med idrett og vere fysisk aktiv. I føresegndene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet opererer Kulturdepartementet med følgjande klassifisering av anlegg:

Nærmiljøanlegg:

Utandørsanlegg eller område som er lagt til rette for eigenorganisert aktivitet, hovudsakleg knytt til bu- eller opphaldsområde (anlegget kan ha veggar og tak for skjerming, men må framleis ha karakter av utandørsanlegg).

Ordinære anlegg:

Anlegg som er knytt opp til trenings- og konkurranseverksemd for den organiserte idretten, t.d. kunstgrasbaner og svømmebasseng.

Friluftsanlegg:

Friluftsanlegg og –område er område som er særleg tilrettelagt for friluftsliv både til sjø, fjell og i nærmiljøet og som treng vedlikehald eller utvikling.

3 Rammer og føresetnader for planarbeidet

Under følgjer ei oversikt over lov og regelverk som legg føringer for arbeidet med fysisk aktivitet. I tillegg følgjer ei skildring av utviklingstrekk og aktivitetstrendar i Ulvik herad og trendar som gjeld generelt i høve til folkehelse og fysisk aktivitet.

3.1 Lov- og regelverk for fysisk aktivitet

Det er ei rekke lover innan ulike forvaltningsnivå og sektorar som er relevant for folkehelse og folket sitt fysiske aktivitetsnivå.

- Arbeidsmiljøloven
- Barnehageloven
- Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven
- Folkehelseloven
- Friluftsloven
- Helse- og omsorgstjenesteloven
- Forskrift om helsestasjon og skulehelsetjenesten
- Helsepersonelloven
- Lov om pengespill (pengespilloven)
-Forskrift om fordeling av idrettens andel av overskuddet av Norsk tipping AS
- Lov om psykisk helsevern
- Opplæringslova
- Forskrift om opplæringslova
- Plan- og bygningslova
- Veglova
- Vegtrafikkloven

Anna regelverk som er relevant for fysisk aktivitet er til dømes:

- Nasjonale forventingar til regional og lokal planlegging
- Rikspolitisk retningsliner for areal- og transportplanlegging
- Rikspolitisk retningsliner for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga
- FNs barnekonvensjon
- Rundskriv – Rett til fysisk aktivitet (endring i opplæringslova – 2009)
- Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2019

3.2 Stortingsmeldingar og fysisk aktivitet

I nokre stortingsmeldingar er fysisk aktivitet eit hovudtema, men i dei fleste er fysisk aktivitet eit tema innanfor eit større politikk område. Døme på stortingsmeldingar med relevans for fysisk aktivitet:

• Kulturdepartementet	Meld. St. 26 (2011-2012). <i>Den norske idrettsmodellen</i> Meld. St. 39 (2006-2007). <i>Frivillighet for alle</i>
• Klima- og miljødepartementet	Meld. St. 18 (2015-2016). <i>Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet</i>
• Helse- og omsorgsdepartementet	Meld. St. 19 (2018-2019). <i>Folkehelsemeldingen – mestring og muligheter.</i> Meld. St. 20 (2006-2007). <i>Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller</i> Meld. St. 11 (2015-2016). <i>Nasjonal helse- og sykehusplan (2016-2019)</i> St.meld. nr. 47 (2008-2009). <i>Samhandlingsreformen – Rett behandling – på rett sted – til rett tid.</i>
• Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Meld. St. 17 (2012-2013). <i>Byggje – bu – leve.</i>
• Kunnskapsdepartementet	Meld. St. 19 (2015-2016). <i>Tid for lek og læring – bedre innhald i barnehagen</i>
• Samferdselsdepartementet	Meld. St. 33 (2016-2017). <i>Nasjonal transportplan 2018-2029.</i>

Det statlege idrettspolitikken legg til rette for at folket har høve til å delta i idrett og fysisk aktivitet på alle nivå. Viktige område som auka satsing på anlegg for idrett og eigenorganisert aktivitet vert fremheva. Barn (6-12år) og unge (13-19år), personar med nedsett funksjonsevne og inaktive er dei målgruppene som er særleg viktige å ta omsyn til når statlege verkemiddel skal nyttast. Anleggsutvikling bør i særleg grad reflektere behova til desse målgruppa.

3.3 Styresmaktene sine tilrådingar for fysisk aktivitet

Helsedirektoratet tilrår at barn og unge deltar i fysisk aktivitet med moderat eller høg intensitet i minimum 60 minutt dagleg. I tillegg bør barn og unge utføre aktivitet med høg intensitet minst tre gongar i veka. Vaksne bør ha moderat fysisk aktivitet 150 minutt kvar veke, eller 75 minutt med aktivitet med høg intensitet i veka. (<https://www.fhi.no/nettpub/hin/levevaner/fysisk-aktivitet/>)

3.4 Effektar av å vere fysisk aktiv

Både mengda fysisk aktivitet og mengda stillesitting verkar inn på helsa. Langvarig fråvær av fysisk aktivitet skapar auka behov for tilrettelegging. Det aukar både fråvær frå utdanning og arbeidsliv, og gjev auka bruk av helsetenester. Dette gjev store samfunnsøkonomiske kostnader.

Regelmessig fysisk aktivitet og trening kan førebygge sjukdom og det er godt dokumentert å vere svært effektiv i behandling av ein rekkje sjukdommar og tilstandar. Auka fysisk aktivitet gjev mange positive ringverknader. Forsking viser at personar som vert fysisk aktive, ofte òg vert meir bevisst i høve til andre levevanar.

Frå eit folkehelseperspektiv bør både barn, vaksne og eldre redusere tida dei bruker på stillesitjande aktivitetar og auke tida på aktivitetar med moderat intensitet. Gåing og sykling, som er ein naturleg del av kvardagen, er gode eksempel på slike aktivitetar og er noko dei fleste kan utføre

3.5 Regionale føringar

Vestland fylkeskommune er regional utviklingsaktør for å skape og leggje forholda til rette for idrett og fysisk aktivitet for alle. Fylkeskommunen sitt styringsverkty innanfor fysisk aktivitet er *Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025*, den gjer greie for mål og satsingsområde på fylkesnivå. Kommunane er ansvarlege for mange av tiltaka i planen som er lagt til grunn for å nå visjonen «*Aktiv kvar dag*».

Det er laga ein felles anleggspolitikk for det nye fylket.

"Anleggspolitikk og kriteriar for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020 - 2024" - <https://bit.ly/3bfMKk>

3.6 Kommunale føringar

På kommunenivå legg samfunnssdelen og arealdelen av kommuneplanen overordna føringar på kommunedelplanen. Visjonen i kommuneplanen for 2009 – 2020 – samfunnssdelen er «*Ulvik herad skal vera ein stad for mangfald, opplevelingar og utvikling*».

Tiltaksplan for folkehelse i Ulvik, vedteken i des. 2019, må sjåast i samanheng med denne planen.

Det er viktig å samordne kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet med kommunen sin økonomiplan for å sikre gjennomføring.

3.7 Folketalsutvikling i Ulvik herad

Inst i Ulvikafjorden ligg bygda - som eit amfi rundt fjordarmen. Busetnaden er konsentrert, men i tillegg til bygdesenteret finn ein grendene Osa, Vangsbygda og Finse.

Folketalsutvikling							
	Samansetjing av folketalet i Ulvik ved utgangen av året						
Aldersgrupper	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
0 år	10	8	8	13	15	12	9
1-5 år	53	57	56	60	61	67	68
6-12 år	92	78	67	76	88	82	87
13-15 år	30	42	45	41	36	36	43
16-19 år	71	68	54	47	52	55	48
20-44 år	295	270	294	296	308	289	261
45-66 år	324	326	330	331	325	334	339
67-79 år	143	156	160	162	172	178	172
80-89 år	71	61	54	52	50	47	46
90 år eller eldre	24	28	26	27	24	17	20
Sum	1113	1094	1094	1105	1131	1117	1093

Mykje av folketalsauken i 2017 har si årsak i busetjing av flyktningar,

3.8 Kommuneøkonomi

Kommunen kan fort oppleve ein skvis mellom dei tenestene som enkeltpersonar har rett på (pålagt av staten gjennom lovverk), og kommunen sine økonomiske rammevilkår. Når økonomien ikkje er tilstrekkeleg til å oppfylle desse krava, går det ut over andre tenester. Med den økonomiske stoda til heradet framover kan det verte vanskeleg å få prioritert store satsingar til idrett og friluftsliv.

3.9 Generelle aktivitetstrender og utviklingstrekk i samfunnet

Tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) viser at fire av fem nordmenn trener minst ein gang i veka. Friluftsliv i ulike former er den mest alminnelege aktivitetsarenaen for fysisk aktivitet i Norge. Forsking utført av Gunnar Breivik og Kolbjørn Rafoss ved Norges Idrettshøgskule viser at i perioden 1999–2015 har bruken av anleggstypar som turstiar, private treningsentre, lysløyper og vekt- og styrkerom auka. Dette er anleggstypar som er opne og lett tilgjengelege for individuell bruk, har ei brei sosial profil og som legg til rette for aktivitet utanfor idrettslaga.

Andelen som er fysisk aktiv aukar med aukande sosioøkonomisk status. Samstundes brukar personar med grunnskule som høgaste fullførte utdanning mindre tid på inaktivitet, samanlikna med personar som har minst 4-års utdanning ved høgskule eller universitet.

Samfunnet sitt krav til kroppsbruk har blitt kraftig redusert dei siste tiåra, og i mange samanhengar er det lagt til rette for at fysiske strev ikkje skal vere naudsynt. Det er særleg kvardagsaktiviteten – knytt til daglege rutinar – som har gått ned. I dag skal ein vere bevisst for å få fysisk aktivitet gjennom kvardagen.

Nokon menneske trener meir enn før, men det ser ikkje ut til å kompensere for den reduserte kvardagsaktiviteten. Ein meir stillesittande kvardag er noko av årsaka til at berre 20 % av folket oppfyller styresmaktene sine mål om dagleg fysisk aktivitet. Inaktiv tid aukar, og tid med aktivitet blir redusert med aukande alder.

Den organiserte idretten når ut til og engasjerer ein stor del av dei yngste barna. Det er generelt fleire barn og unge som oppfyller tilrådingane for fysisk aktivitet blant dei som er medlemmer av idrettslag. Idretten har høgast oppslutnad hos barn, og deltaking i organisert fell med aukande alder. Spesielt i ungdomsårene er det eit markant fråfall i idretten. Ungdata-undersøkinga frå 2017 hadde særskild fokus på deltaking i organisert idrett, og mange elevar svarte at dei sluttar fordi skullearbeidet tar for mykje tid, og nesten like mange svarte at idretten stilte for store krav om å bli god. Same kartlegginga viser samstundes at ungdom som er medlem i organisert idrett, skil seg positivt ut på ein rekke områder; dei røyker og ruser seg mindre, har færre psykiske helseplager, et sunnare, har eit betre forhold til foreldre og lokalmiljø, trivest betre på skulen og brukar mindre tid på skjermaktivitetar enn ungdom som ikkje driv med idrett.

Generelt er hovudutfordringa å auke andelen som oppfyller tilrådingane til fysisk aktivitet og minske omfanget av stillesitting.

3.10 Folkehelseprofilen for Ulvik herad

Etter gjennomgang av statistikk og bruk av tverrfagleg lokal erfaringsbasert kunnskap i nyleg utarbeidd folkehelseplan, kjem det fram at folkehelsa i Ulvik ikkje skil seg vesentleg frå landsgjennomsnitt eller fylket. Vi har dei same utfordringane som landet elles:

- Det er sosial ulikskap i lokalsamfunnet vårt, vi veit at det har ein innverknad på helsa.
- Det er mange som er for lite fysisk aktive, både av born og vaksne
- Overvekt er eit problem for mange, og det kan vera vanskeleg å ta tak i
- Einsemd er oftast eit usynleg problem som kan vera vanskeleg for fleire

Ulviksamfunnet har mange gode kvalitetar som har positiv innverknad på folkehelsa:

- Lett tilgjengeleg variert natur, tilrettelagde turområde og turframlegg med ulike krav til fysisk kondisjon
- Mange lokale lag med organisert aktivitet
- Fleire uformelle sosiale møteplassar

Kva kan Ulvik gjera av tiltak for ytterlegare å fremja folkehelse og trivnad i bygda?

3.11 Aktivitetstrendar i Ulvik

Utanom alt organisert idrettsarbeid i heradet, har det dei siste 5-10 åra vakse fram nokre endringar i Ulvik som vi kan trekke fram som positiv for folkehelse og fysisk aktivitet:

- Stølstrim i regi av Ulvik turlag, der ein kan kjøpe kort med alle stølane ein kan besøkje. Her kan heile familien kan dra på tur og besøkje 17 stølar i Ulvikområdet. Der er sett ut postkassar, der ein kan få klipp i kortet. Og besøkjer du alle stølane får du premie når sesongen er over.
- Postkassetrim –eit lavterskelttilbod. Dette er etter same modell som stølstrim, men turane er kortare og kan nåast av dei fleste.
- Det er etablert turløyper som er merka og skilta etter nasjonal standard for turløyper. Dette er eit samabeid mellom heradet og Næringslaget. Fleire grunneigarlag gjer også ein flott jobb når det gjeld merking av løyper.

- Ulvik Idrettslag sitt motbakkeløp «Kvasshovden Opp» er eit eksempel på at når løyper blir godt merka, så aukar utfarten.
- Ulvik Treningssenter er og ein viktig treningsarena. Dette er eit godt treningssenter med det meste av utstyr for trening innan styrkeløft, styrketrening, apparat, spinning, tredemøller m.m.
- Linedance
- Seniordans
- Våg deg med dagen – aktivitetsdag i Holmen etter initiativ frå Cittaslowrådet. Samarbeid mellom ulike lag og organisasjonar i Ulvik, koordinert av Ulvik Idrettsråd.

Kommunen har eit har ulike lag som gjer ein formidabel frivillig innsats for at ulike brukargrupper skal ha ulike aktivitetar å ta i bruk. Det er stor og brei aktivitet i idrettslaga, og innanfor fotball har aktiviteten teke seg mykje opp. Nær halvparten av innbyggjarane er medlem i idrettslaget. Men talet seier ikkje noko om den fysiske aktiviteten til den einskilde.

Lag	Aktivitetar	Medlemstal pr.01.01.2020
Ulvik IL	Fotball Volleyball Ski Idrettsskule Barnetrim Dametrim Symjing Friidrett Orienteringsløp Motbakkeløp	401
Hardanger Bogeskyttarklubb		49
Ulvik karateklubb		21
Ulvik Vass-Skiklubb		45
Ulvik helselag		54
Ulvik Turlag		80

4 Visjon, mål og delmål

Skule, barnehage, skulane, og lag og organisasjoner jobbar godt med å fremje fysisk aktivitet i Ulvik. Det synest også klart at anleggsutvikling har stimulert til større grad av aktivitet og eit større mangfold av aktivitet. Ei satsing med mål om at fleire skal vere tilstrekkeleg fysisk aktive, krev både innsats frå einskildaktørar og eit sektorovergripande samarbeid. Offentleg, privat og frivillig sektor må samarbeide for at fleire skal vere aktive, og er ein føresetnad for å lukkast.

4.1 Visjon:

Vi ønskjer at alle innbyggjarane skal ha gode levevilkår, og at dei skal ha ei positiv oppleving av eige liv og helse. Fysisk aktivitet bidreg til dette, og vi er opptekne av at det gjeld alle innbyggjarane. Visjonen for denne planen er:

«Fysisk aktivitet for alle»

4.2 Hovudmål:

Ulvik herad skal stimulere og legge til rette for at alle innbyggjarane har kunnskap om kor viktig fysisk aktivitet er, og høve til å utøve fysisk aktivitet ut frå eigne interesser og føresetnader.

4.3 Delmål:

- Alle under 18 år er fysisk aktive minimum 60 minutt kvar dag
- Alle over 18 år er fysisk aktive minium 30 minutt kvar dag
- Utvikling av bu- og opphaldsområde med aktivitetsskapande nærmiljøanlegg som legg til rette for kvardagsmosjon og som ikkje kostar noko å bruke.
- Fleire av innbyggjarane nyttar naturen som arena for fysisk aktivitet, og det blir fleire organiserte friluftstilbod
- Ulvik herad må samarbeide med lag og organisasjoner om å utvikle gode rutinar for å informere innbyggjarane om eksisterande aktivitetstilbod i kommunen
- Alle innbyggjarane i Ulvik herad har god kunnskap om fysisk aktivitet og veit gevinsten ved å vere fysisk aktiv
- Alle som bidreg til å gjere andre aktive, har høg kunnskap om det å vere aktiv, aktivisere andre og inkludere andre. Det er særleg viktig å få til lågterskeltilbod, der barrieren for å vere fysisk aktiv blir redusert.

Handlingsprogram for tiltak viser tiltak knytt til delmåla, og følgjer med i *vedlegg 1, s 16*. Tiltak skal bidra til å fremje fysisk aktivitet og folkehelse hos innbyggjarane og motarbeide sosiale skeivfordelingar. Mange tiltak er allereie i gang, og er teke opp i handlingsprogrammet for å ha fokus på å oppretthalde dei, eller få dei innført i einingar som ikkje har dei frå tidlegare

5 Resultatvurdering av førre plan

Som ein del av planprosessen vert det gjennomført ei evaluering av førre planperioden.

Ulvik heradsstyre vedtok i august 2018 planprogram for plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019 – 2023

Av ulike årsaker har planen vorte utsett, og no har arbeidsgruppa laga ny framdriftsplan for 2020/2021.

Arbeidsgruppe:

- Fagansvarleg frå rådmannen sin stab: Anne-Marit Lekve
- Ordførar Hans P. Thorbjørnsen
- Representant frå teknisk: Jarle Grevstad
- Representant frå skule: Anne Hjelmevoll
- Helse og omsorg: Trude Fosse
- Representant frå Ulvik Idrettsråd: Hulda Run Thorbjørnsen
- Leiar Ulvik Turlag: Hilde Underdal
- Born og unge sin representant

Redigert framdriftsplan etter møte i Arbeidsgruppa 18.02.2020:

Tid	Ansvar	Aktivitet
August 2018	Formannskap	Vedtak om start av planarbeid og utkast til planprogram
September 2018	Rådmannen	Utsending av utkast til planprogram på høyring/off. ettersyn Annonsering i avis og på nettsida til kommunen. (Etter dette har det vore stans i arbeidet)
18.02.2020	Rådmannen	Møte med tverrfagleg arbeidsgruppe der framlegg til utkast av idrettsplan og planprogram vart lagt fram.
20.02.2020	Rådmannen	Planutkast, lagt ut på heradet sine heimesider. Frist for innspel 3.april.
17.03.2020	Rådmannen og arbeidsgruppa	Innspelsmøte tysdag 17.mars på Brakanes Skule.Annonsering
23.04.2020	Arbeidsgruppa	Gå gjennom førebels plan og innspela som er komne inn.
Mai-juni 2020	Rådm. sin stab/Plan	Lage framlegg til plan m.a. basert på innspel
Juni 2020	Arbeidsgruppa	Endeleg gjennomgang av plan
26.08.2020	Formannskapet	Vedtak av planprogram og utlegging av planframlegg til høyring. Høyningsfrist 6 veker
07.10.2020		Høyningsfrist
19.11.2020	Arbeidsgruppa	Innarbeide innspel etter høyningsrunden
27.09.2021	Arbeidsgruppa	Sluttmøte
13.10.2021	Formannskap	Planvedtak
03.11.2021	Heradsstyre	Planvedtak

5.1 Anlegg

Gjennomførde og påbegynte prosjekt i kommunale regi.

- Ulvik Fleirbrukskule – nybygg
- Symjehall Brakanes Skule – rehabilert
- Holmen idrottsanlegg – rehabilitering av friidrottsbana
- Holmen idrottsanlegg – Nytt lysanlegg
- Ny/rehabilitering av ballbinge Brakanes Skule - fullført vår 2020
- Lysanlegg ballbinge Brakanes Skule – fullført vår 2020
- Aktivitetsløype/hindeløype Brakanes Skule – fullført 2021
- Dagsturhytte – fullført 2021

Gjennomførde prosjekt i regi av Ulvik Idrettslag:

- Etablering av lager/garasjebygg
- Rehabilitering av klubb- og møtelokale
- Etablering av hoppbakke
- Rehabilitering av lysanlegg
- Rehabilitering av lager og garasjebygg

Gjennomførde prosjekt i regi av Hardanger Bogeskyttarklubb:

- Etablering av lagerbygg i Osa
- Etableringa av 3D bane i Osa

Gjennomførde prosjekt i regi av Ulvik Vass-skiklubb:

- Bygging av nytt klubbhus



6 Delmål – handlingsprogram for anlegg

- Få til ei planlagt og målretta utbygging av anlegg som er tilrettelagt for idrett, friluftsliv og kulturaktivitetar. Sikre naudsynt areal for leik, idrett og friluftsliv.
- Leggje til rette for at idrettsanlegg vert utvikla i nær forståing med idretten sine behov og prioriteringar
- Vere grunnlag for søknad om statleg tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemiddelordninga)
- Avklare eigarar sitt ansvar ved utbygging og drift av bygg og anlegg, sikre jamn og god vedlikehald av anlegg.
- Vere styringsverkty for budsjett- og økonomiplanarbeidet i kommunen

7 Handlingsprogram for anlegg

Handlingsprogrammet er eit oversyn over anlegg som er foreslått prioriterte for tilskot frå spelemidlane dei neste fire åra. Prioriteringa er basert på lokale behov, innspel frå lag og organisasjonar, overordna kommunale planar og regionale og nasjonale føreskrifter og føringer. Handlingsprogrammet inneheld opplysningar om tiltakshaver (ansvarleg utbygger), investeringsbehov, finansiering og utbyggingsår. Kvart år kan nye anlegg eller anlegg frå den langsiktige handlingsdelen bli rullert inn. Det er no enklare å få rullert inn nye anlegg i handlingsprogrammet for anlegg; det er ikkje lenger krav om at anlegget er omtalt i vedtatt kommunedelplan og det er heller ingen øvre kostnadsgrense for anlegg som blir tatt inn ved den årlege rulleringa. Rullering av handlingsprogrammet føreset brukarmedverknad av aktuelle brukargrupper, idrettsrådet og politiske vedtak.

7.1 Krav til spelemiddelsøknader

Når eit anlegg vert bygd eller rehabiliterert med tilskot frå spelemidlar, medfører det forpliktingar. Det medførar m.a. plikt om å drifte og halde vedlike anlegget. For ordinære anlegg er det 30 år frå ferdigstillingsdatoen, og for nærmiljøanlegg 20 år.

Jf. Kulturdepartementet sine føresegner om spelemidlar skal ein søknad oppfylle følgjande krav:

1. Detaljert kostnadsoverslag.
2. Dokumentasjon på dei ulike delane av finansieringsplanen for anlegget. Dokumentasjon på evt.dugnad skal liggje ved (utført av fagperson frå kommunen eller t.d. firma/entreprenør)
3. Plan for drift av anlegget.
4. Rett til bruk av grunn.
5. Målsatte teikningar.

7.2 Handlingsprogram for anlegg - 2020-2024

Ulvik herad har etter kvart fått ein anleggsstruktur som er godt tilpassa aktivitetsnivået. I dei siste åra har vi fått til ei stor satsing, - bygging av fleirbruksshall og rehabilitering av symjehall. Framover må fokuset i større grad vere på vedlikehald og rehabilitering av anlegg. Det har vore arrangerert ein del møte mellom heradet og idrottslaget med tanke på å få til ein kunstgrasbane. Det vart sett ned ein komité som såg på dette, utan at det er teke ei avgjerd. Etter som dette har stoppa litt opp er idrottslaget no byrja å sjå på om ein kan få til ei utskifting av grasbana i Holmen. Anlegget er kommunalt og det er i heradet ein må finne midlar til dette.

I tillegg har det vore ein del fokus på utvikling av nærmiljøet som stimulerer til variert aktivitet. Utforming av uteområdet ved skulen, som er den arenaen som over lengst tid samlar flest barn og ungdom, er ei viktig satsing framover. Desse områda er sentrale møteplassar i nærmiljøet, både i og utanom skuletida. Gjennom skulen og fylkeskommunen sitt prosjekt «Teikn ditt eige skuleområde» driv skulanane allereie på med aktiv planlegging av kva aktivitetar som skal inn i uteområdene. Elles er det og ytra ynskje om å gjera sentrum meir attraktiv, med bl.a. treningsapparater.



Status i Ulvik herad

Registrerte anlegg i anleggsregisteret

Anleggsnavn	Sted	Eier	Anleggskategori	Anleggstype
Appelsinhytta	Appelsinhytta	FINSE RØDE KORS HJELPEKORPS	Friluftslivsanlegg	Dagsturhytte
Austdalsbu	Austdalsbu	ULVIK FJELLSTYRE	Friluftslivsanlegg	Dagsturhytte
Brakanes skule - ballbinge	Brakanes skule	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Ballbinge
Brakanes skulen aktivitetsanlegg	Brakanes skule	Brakanes skulen	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)
Brakanes skule symjeanlegg	Brakanes skule	ULVIK HERAD	Svømme- og stupeanlegg	Trenings-/konkurransebasseng (inne)
Brakanes skule- gamle gymsal	Brakanes skule	ULVIK HERAD	Kulturarena	
Brakanes skule fotball grusbane	Brakanes skule	ULVIK HERAD	Fotballanlegg	Fotballbane grus
Ulvik fleirbrukshall	Brakanes skule	ULVIK HERAD	Idrettshaller og aktivitetssaler	Fleridrettshall
Drevtjørn ski- og tursenter Varme- og utstyrsbu	Drevtjørn ski- og tursenter	ULVIK IDROETTSLAG	Idrettshus og servicebygg	Lager- og garasjebrygg
Drevtjørn ski- og tursenter Langrenn	Drevtjørn ski- og tursenter	ULVIK IDROETTSLAG	Ski- og alpinanlegg	Langrennsanlegg
Drevtjørn ski-og tursenter Hopp	Drevtjørn ski- og tursenter	ULVIK IDROETTSLAG	Ski- og alpinanlegg	Hoppbakke
Drevtjørn ski- og tursenter - skileik	Drevtjørn ski- og tursenter	ULVIK IDROETTSLAG	Ski- og alpinanlegg	Skileikanlegg
Drevtjørn ski- og tursenter lagerbygg	Drevtjørn ski- og tursenter	ULVIK IDROETTSLAG	Idrettshus og servicebygg	Lager- og garasjebrygg
Drevtjørn ski- og tursenter idrettsbygg	Drevtjørn ski- og tursenter	ULVIK IDROETTSLAG	Idrettshus og servicebygg	Klubbhus
Drevtjørn ski- og tursenter - skiskyttterarena	Drevtjørn ski- og tursenter	ULVIK IDROETTSLAG	Ski- og alpinanlegg	Skiskyttteranlegg
Drevtjørn ski- og tursenter tidtaker/toalett	Drevtjørn ski- og tursenter	ULVIK IDROETTSLAG	Idrettshus og servicebygg	Sanitærbygg
Elvatun Ungdomshus	Elvatun Ungdomshus	ULVIK HERAD	Kulturarena	Flerbrukslokale for kultur
Fagernut vaktarbustad	Fagernut vaktarbustad	STIFTINGA RALLARMUSEET FINSE	Friluftslivsanlegg	Dagsturhytte
Finse skisenter	Finse skisenter	FINSE SKISENTER AS	Ski- og alpinanlegg	Alpinbakke
Finsehytta - Blåisen løypemerking	Finsehytta - Blåisen løypemerking		Friluftslivsanlegg	Tursti
Finse - Geiteryggen løype	Finsehytta DNT		Friluftslivsanlegg	Tur-/skiløype
Finsehytta	Finsehytta DNT	DEN NORSKE TURISTFORENING	Friluftslivsanlegg	Overnatningshytte
3D Bogeskytebane	Osa	Hardanger Bogeskyttarklubb		Skytebane
Hallingskeid turisthytte	Hallingskeid	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Friluftslivsanlegg	Overnatningshytte
Heradshuset i Ulvik	Heradshuset i Ulvik		Kulturarena	Flerbrukslokale for kultur
Holmen badeplass	Holmen badeplass	ULVIK HERAD	Friluftslivsanlegg	Badeplass

Holmen idrettsanlegg	Holmen idrettsanlegg	ULVIK HERAD	Racketsportsanlegg	Tennisbane (ute)
Holmen idrettsanlegg	Holmen idrettsanlegg	ULVIK HERAD	Idrettshus og servicebygg	Klubbhus
Holmen idrettsanlegg	Holmen idrettsanlegg	ULVIK HERAD	Friidrettsanlegg	Friidrettsstadion kunststoff
Holmen idrettsanlegg	Holmen idrettsanlegg	ULVIK HERAD	Fotballanlegg	Fotballbane gress
Holmen nærmiljøanl- sandvolleyballbane	Holmen nærmiljøanlegg- sandvolley	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Sandvolleyballbane
Kaldavass sikringhytte	Kaldavass	VOSS UTFERDSLAG	Friluftslivsanlegg	Sikringhytte
Kaldavass turhytte	Kaldavass	VOSS UTFERDSLAG	Friluftslivsanlegg	Overnattingshytte
Klemsbu	Klemsbu	FINSE 1222 AS	Friluftslivsanlegg	Dagsturhytte
Leikeplass Skjølaavika	Hjeltnes	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)
Leikeplass Prestegarden	Prestagarden	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)
Leikeplass Skeie	Skeie	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)
Leikeplass Tymberneset	Tymberneset	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)
Leikeplass Hydle	Hydle	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)
Leikeplass Hjelmevoll	Hjelmevoll	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)
Lengjedalsbu	Lengjedalsbu	ULVIK FJELLSTYRE	Friluftslivsanlegg	Dagsturhytte
Memorgebu	Memorgebu	ULVIK FJELLSTYRE	Friluftslivsanlegg	Dagsturhytte
Sykkelsti Aosen	Orienterigkartet åsen	ULVIK HERAD	Mindre utendørsanlegg	Flerbruksområde (ute)
Osa - Hallingskeid	Osa	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Friluftslivsanlegg	Tursti
Osa skytebane	Osa skytebane	Ulvik Pistolklubb	Skyteanlegg	Pistolbane
Ripsetjønnbu	Ripsetjønnbu	ULVIK FJELLSTYRE	Friluftslivsanlegg	Dagsturhytte
Rundevassbu	Rundevassbu	ULVIK FJELLSTYRE	Friluftslivsanlegg	Dagsturhytte
Storurdi vakterbustad	Storurdi vakterbustad	HYTTEFORENINGEN VEGMANNNSBU	Friluftslivsanlegg	Overnattingshytte
Ulvik båthamn	Ulvik båthamn	ULVIK BÅTLAG	Friluftslivsanlegg	Småbåthavn
Ulvik vass-skianlegg	Ulvik vass-skianlegg	ULVIK VASS-SKIKLUBB	Vannsportanlegg	Vannskianlegg
BT-hytten	Vesete	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Friluftslivsanlegg	Overnattingshytte

8 Langsiktig handlingsdel

Prosjekt i den langsigke handlingsdelen kan bli tatt inn i handlingsprogrammet for anlegg ved den årlege rulleringa

Ordinære anlegg:

Døme:

- Bygging av 9ar kunstgrasbane
- Treningspark

Friluftsliv:

Døme:

- Etablering av nye turstiar
- Skilting og merking av eksisterande turstiar
- Sentrumsnær turveg som er universelt utforma

9 Drift og vedlikehald av kommunale anlegg

9.1 Oversikt over kommunale anlegg

Attraktive og godt vedlikehalde anlegg inviterer til bruk og det viser seg at slike anlegg ofte er eit vern mot hærverk. Det er eit krav i Kulturdepartementet sine føresegne for spelemeddelordninga at anlegg som er finansiert med tilskot frå spelemidlar skal driftast i 30 år frå ferdigstilling. For nærmiljøanlegg er det 20 år. Søm eigar av anlegg er ein ansvarleg for både drift, vedlikehald og tryggleik i anlegget. Det er viktig å betre rutinane rundt vedlikehald av anlegga.

Oversikt over kommunale anlegg:

- Holmen - Friidrettsanlegg
- Holmen – Sandvolleybane
- Brakanes Skule – symjehall
- Brakanes Skule – fleirbrukskalla
- Brakanes Skule – gamle gymsal
- Brakanes skule – ballbinge
- Brakanes skule – aktivitetsløype
- Dagsturhytte i Åsen

10 Vedlegg

- Handlingsprogram for tiltak
- Handlingsplan for anlegg om område for idretts og friluftsliv 2020-2024
- Uprioritert liste over langsigke behov for idrettsanlegg og friluftsområde 2020 -2030
- Avtale mellom Ulvik Idrettsråd og Ulvik herad

VEDLEGG 1: HANDLINGSPROGRAM FOR TILTAK

Mål	Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspartar	År	Andre planar / vedtak
Alle under 18 år er fysisk aktive minimum 60 minutt kvar dag	Barnehagane har fysisk aktivitet, leik og friluftsliv som eit av satsingsområdene	Barnehagane	Barna, foreldra	Kontinuerleg	Rammeplan, årsplan barnehagane
	Ulvik herad skal utarbeide plan for opprusting og vedlikehald av uteområda i barnehagen	Ulvik herad	Elevar, rektor	2021-2024	Økonomiplan
	Skulane har ein time fysisk aktivitet som integrert del av skulekvardagen for alle alderstrinna	Skuleeigar	Elevane, rektor, m.fl.	2021-2024	
	Halde fram med aktivitets-, tur og fjelldagar på skulane	Skuleeigar	Elevane, personale, lag og organisasjonar	Kontinuerleg	
	Oppretthalde mobilfri skulekvardag	Skuleeigar	Elevane, personale, elevråd, SU	Kontinuerleg	
	Skulen skal delta i «Trivselsprogrammet» og ha trivselsleiar frå 4.-10.trinn ?	Skuleeigar	Skuleleiing, personale, elevar	2020-2024	www.trivselsleder.no
	«Teikn ditt skuleområde» - tilrettelegging av uteområde ved skulane for meir fysisk aktivitet	Skuleeigar	Skuleleiing, FAU, personale, elevar, lag- og organisasjonar	2018-2021	Økonomiplan
	Aktivitetsskapande anlegg i nærmiljøet og naturen - Dagsturhytte	Lag og organisasjonar, Ulvik herad		2020 -2024	
	Halde vedlike, vidareutvikle og etablere nye turvegar og turstiar (og i nærmiljøet)	Ulvik Næringslag	Ulvik herad, Ulvik Næringslag, Lag og organisasjonar,	2020-2024	Jfr. Plan for turruter i Ulvik herad.
Legge til rette for kvardagsmosjon	Universell utforming av friluftsområde i Holmen og universelt utforma tursti i sentrum	Ulvik herad	Teknisk drift, lag og org.,	2020-2024	
	Trygg skuleveg – fokus på trafikktryggleikstiltak inn mot skule	Teknisk drift	Teknisk,skuleleiing, FAU, elevar	2020-2024	Trafikksikringsplan
	Gang- og sykkelvegar og sykkelparkering i offentlege rom	Teknisk drift		2020-2024	Trafikksikringsplan
Inkludering	Trafikktryggleik er integrert i opplæringa	Skuleleiinga	Skulepersonale	2018-2021	
	Helsestasjon og skulehelsetenesten informerer og rettleiar om fysisk aktivitet og ernæring	Helsestasjon		Kontinuerleg	
	Kommunen brukar heimesida og facebook aktiv for å informere om fysisk aktivitet	Rådmannen sin stab	Ulvik herad, helseavdelinga	Kontinuerleg	
	Lage oversikt over lag og org. med aktivitetar i kommunen	Rådmannen sin stab	Ulvik herad og lag og org.	2020	
	Våg deg med dagen i Holmen – aktivitetsdag	Ulvik Idrettsråd	Lag og organisasjonar i Ulvik	2020-2024	
	Legge til rette og stimulere til auka fysisk aktivitet innanfor omsorgstenesta	Helse og omsorg	Lag og org., fysioterapi, aktivitørar	2020-2024	

Mål	Tiltak	Ansvarleg	Samarbeidspartar	År	Andre planar / vedtak
Inkludering	Ulvik herad inviterer til eit årleg møte mellom lag og Organisasjonar	Ulvik herad	Ulvik Idrettsråd	2020-2024	
	Halde fram med haldningskampanjar lokalt for kvardagsmosjon (t.d. sykkel på jobb auksjon)	Ulvik herad, arbeidsgjevarar, lag og organisasjonar		2018-2021	t.d. www.Dytt.no
	Seniordans	Ulvik Seniordans	Seniordans Norge	Kontinuerleg	
	Oppretthalde støtte til idrettslag bl.a. Strømforsyning lysløyper, trakkemaskin	Ulvik herad	Ulvik Idrettslag og øvrige idrettslag	2018-2021	budsjett- og økonomiplan
	Kartlegging og verdsetting av friluftsområder i Ulvik herad	Ulvik herad		2018-2021	
	Leikeplass i Holmen	Ulvik herad			

Handlingsprogrammet for tiltak kan bli rullert årleg.

Handlingsplan for anlegg om område for idretts og friluftsliv 2020-2024

Anlegg	Inv.kostnad	Drift	Anleggstart – finansiering (i 1000 kr)			
			2020	2021	2022	2023
Dagsturhytte				X		
Aktivitetsløype Brakanes Skule				X	X	
Rehab. Lysanl. Holmen					x	

K=kommunal midlar, SM= spelemidlar, P=private midlar

Uprioritert liste over langsiktige behov for idrettsanlegg og friluftsområde 2020 -2030

Lista er basert på innkomne behov og ynskjer.

Anlegg	Stad	Eigar/utbyggjar	Estimert kostnad
Kunstgrasbane 9årbane		Ulvik herad	
Pump track		Ulvik herad	
Holmen badeplass – Tufte park		Ulvik herad	
Stiar/gang/sykkelsti		Ulvik herad	

Samarbeidsavtale
mellan
Ulvik herad og Ulvik idrettsråd

	ULVIK HERAD
Sak id:	21/108
29 JAN. 2021	
Ark.nr.:	033
S.bh.:	THO Kopi:

Bakgrunn og formål med avtalen:

Heradet og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalsamfunn der folk kjenner seg trygge, finn mening, og trivst. Formålet med denne avtalen mellom Ulvik herad og Ulvik idrettsråd er å styrkja det naudsynte samspelet mellom heradet og idrettsrådet. Dette skal bidra til å klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar.

- 1. Avtalepartar** er Ulvik herad v/ordførar og Ulvik idrettsråd v/styret.
- 2. Avtaleperiode:** Avtalen evaluerast annakvart år og kan elles reviderast når ein av partane ynskjer det.
- 3. Mål:** Samarbeidsavtalen skal vera med å:
 - fremja felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i heradet
 - sikra god samordning og kommunikasjon mellom Ulvik herad og idretten
 - klargjera viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar til samarbeidet
 - sikra god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivitet
- 4. Idrettsrådet si rolle**
 - 4.1 Idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i Ulvik herad som er organisert i Norges Idrettsforbund gjennom Vestland Idrettskrets og underlagt NIF sine lover og vedtekter.
 - 4.2 Ulvik idrettsråd skal arbeida for best mogleg vilkår for idretten i heradet og skal vera ein arena for samarbeid mellom laga og kommunale myndigheter og mellom laga og idrettskretsen.
- Idrettsrådet skal gje prioriteringar på vegne av idrettslaga.
- 5. Samarbeid, høyringsrett, medverknad**
 - 5.1 Alle saker av felles interesse for idretten *), skal formidlast til Ulvik herad gjennom idrettsrådet.
 - 5.2 Idrettsrådet har rett til å ta del i planarbeidet i heradet på alle område som vedkjem idretten sine interesser.
 - 5.3 Saker som vert fremja til Ulvik herad av idrettsrådet, skal formidlast til administrasjonen i heradet v/rådmann
 - 5.4 Rådmannen har ansvar for å henta inn uttale frå idrettsrådet i saker som vedkjem idretten i heradet. Tenestetorget/sakshandsamar sender slik førespurnad om uttale til idrettsrådet. Idrettsrådet skal få seg førelagt alle saker av felles interesse for idretten og gi uttale til desse.
 - 5.5 Generell informasjon frå Ulvik herad til idrettslaga vert sendt med kopi til idrettsrådet.
 - 5.6 Partane har ei gjensidig informasjonsplikt i høve saker som vedkjem idretten i heradet.

**) Dette inneber at eit enkelt idrettslag ikkje tek opp ei sak direkte med heradet når saka har eller kan tenkast å få konsekvensar for eitt eller fleire andre lag.*

6. Faste rutinar mellom heradet og idrettsrådet

- 6.1 Ulvik herad har dialog med idrettsrådet i framkant av arbeidet med heradet sitt drifts- og investeringsbudsjett som vedkjem idrettsfeltet. Budsjettprosessen mellom heradet og idrettsrådet bør vera ferdig innan 1.november kvart år.
- 6.2 Idrettsrådet er høyringsinstans i samband med rullering av kommuneplanen og kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse.
- 6.3 Idrettsrådet gir uttale til søknader om spelemidlar til anlegg
- 6.4 Idrettsrådet skal uttale seg om tildeling av driftstilskot/kulturmidlar til idrettslaga.

7. Driftstilskot til idrettsrådet – rapportering

- 7.1 Budsjetttramme for idrettsrådet løvvast av Ulvik herad gjennom årleg budsjettvedtak, pr 2021 kr 10 000 pr år.
- 7.2 Idrettsrådet sender årsmøteprotokoll, årsmelding og godkjent rekneskap til Ulvik herad etter årsmøtet. Rapportane er grunnlag for utbetaling av tilskot til idrettsrådet. Dersom idrettsrådet ikkje har brukt opp heile tilskotet frå året før, vert årets utbetaling redusert tilsvarende, slik at samla budsjett pr år er kr 10 000.

8. Andre samarbeidsområde- og informasjonsarenaer


- 8.1 Minst ein gang i året skal Ulvik herad si politiske og administrative leiing invitera idrettsrådet til å drøfta vilkår og utfordringar for idretten i heradet. Slik møte bør finne stad på våren.
- 8.2 Idrettsrådet inviterer Ulvik herad til sitt årsmøte og andre felles møtearenaer for idrettslaga i heradet.

Denne avtalen vert lagt til orientering til Ulvik heradsstyre og til Ulvik idrettsråd sitt årsmøte.

Ulvik, den 4.november 2020



Hans Petter Thorbjørnsen
Ulvik herad



Hans Petter Thorbjørnsen
Ulvik idrettsråd
T. Dannevig